



TINE Råvare

Landsprognose for leveranse av kumjøl



Prognose november 2018

**INNHALD**

<i>Meierileveranse av kumjøl</i>	2
<i>Kvoter og kvotefylling</i>	2
<i>Prognose for leveranse av kumjøl</i>	4
<i>Prognoseendringar 2018</i>	5
<i>Prognose for leveranse av økologisk mjøl</i>	6
<i>Prognose for feitt</i>	7
<i>Prognose for protein</i>	8
<i>Fôrstatus</i>	9
<i>Utvikling i kutsal og kalvingar</i>	11
<i>Slakting</i>	12
<i>Mjølkekyr</i>	13
<i>Avdrått</i>	14

Alle raude tal i tabellane er prognosetal, medan faktiske tal er svarte. I grafane er prognosetala markert med stripla linjer og faktiske tal med heiltrekte linjer i ulike fargar for kvart år.



Meierileveranse av kumjøl

Leveranse kumjøl, mill. liter

	2014	2015	2016	2017	2018	Endring 2015		Endring 2016		Endringer 2017		Endring 2018	
						mill. ltr	%	mill. ltr	%	mill.ltr	%	mill. ltr	%
Jan	135.5	140.3	138.8	136.9	135.3	4.8	3.5 %	-1.5	-1.1 %	-1.9	-1.3 %	-1.6	-1.2 %
Febr	121.7	127.4	132.3	125.4	123.9	5.7	4.7 %	4.9	3.8 %	-6.9	-5.2 %	-1.5	-1.2 %
Mars	135.2	141.8	142.4	139.3	137.1	6.6	4.9 %	0.6	0.4 %	-3.0	-2.1 %	-2.2	-1.6 %
Apr	133.4	136.9	137.2	134.4	133.3	3.5	2.6 %	0.3	0.2 %	-2.8	-2.0 %	-1.1	-0.8 %
Mai	135.9	136.5	138.5	137.8	136.2	0.6	0.4 %	2.0	1.4 %	-0.7	-0.5 %	-1.6	-1.2 %
Jun	122.8	126.0	124.4	122.9	122.3	3.2	2.6 %	-1.6	-1.3 %	-1.5	-1.2 %	-0.6	-0.5 %
Jul	116.8	118.0	115.4	114.2	115.5	1.2	1.0 %	-2.6	-2.2 %	-1.2	-1.0 %	1.3	1.1 %
Aug	111.5	113.4	112.3	110.7	112.8	1.9	1.7 %	-1.1	-1.0 %	-1.6	-1.4 %	2.1	1.9 %
Sept	112.8	113.2	110.5	108.2	112.6	0.4	0.3 %	-2.7	-2.4 %	-2.3	-2.1 %	4.4	4.1 %
Okt	121.6	122.2	118.8	117.6	125.2	0.5	0.4 %	-3.4	-2.7 %	-1.2	-1.0 %	7.6	6.5 %
Nov	124.3	125.1	121.5	119.8		0.8	0.6 %	-3.6	-2.9 %	-1.7	-1.4 %		
Des	137.7	135.5	130.8	127.6		-2.2	-1.6 %	-4.7	-3.5 %	-3.2	-2.4 %		
Sum	1 509.2	1 536.2	1 522.8	1 494.9		27.1	1.8 %	-13.5	-0.9 %	-27.9	-1.8 %		
Sum pr. 1.nov	1 247.2	1 275.6	1 270.5	1 247.5	1 254.2	28.5	2.3 %	-5.1	-0.4 %	-23.0	-1.8 %	6.7	0.5 %

Leveransen i september og oktober var 112,6- og 125,2 mill. liter. Det er ein auke på 4,4- (4,1 %) og 7,6 mill. liter (6,5 %) i forhold til året før. Etter dette er leveransane hittil i år 6,7 mill. liter (0,5 %) meir enn i 2017. Auken i leveranse gav eit avvik i forhold til førre prognose på 0,6 mill. liter (+ 0,5 %) for september og 4,2 mill. liter (+ 3,4 %) for oktober. Avvik i leveranse i forhold til prognosa skuldast i stor grad høgare avdrått og mindre slakting enn forutsett. Auka kraftfôrforbruk og god grovfôr kvalitet på det fôret som er hausta er årsak til avdråttsauken. Den kraftige auken kjem av at forholdstalet vart auka frå 0,99 til 1,04 i august, og responsen har vore større enn venta.

Kvoter og kvotefylling

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Ant. eigedomar	13 982	13 686	13 488	13 246	13 040	12 840	
Ant. foretak	9 824	9 464	9 131	8 815	8 581	8 146	
Aktiv grunnkvote, mill. ltr	1 625	1 624	1 629	1 632	1 635	1 631	
Forholdstall	3 %	3 %	3 %	0 %	-2 %	4 %	0 %
Disponibel kvote, mill. ltr	1 674	1 687	1 678	1 632	1 603	1 697	1 626
Snitt disp. kvote, ltr	170 396	178 307	183 741	185 192	186 788	208 323	
Produksjon, mill. ltr	1 517	1 509	1 536	1 523	1 495	1 521	1 508
Kvotefylling	90.6 %	89.4 %	91.6 %	93.3 %	93.3 %	89.6 %	92.7 %

Kvotear 2012 og 2013 er frå 1.3 - 28/29.2. Frå og med 2014 er kvotear 1.1. - 31.12.

Kilde: Landbruksdirektoratet

Produksjonstaket er 900 000 liter. Kvotetaket for 2018 vart heva med 4 prosent til 936 000. Industrien sitt behov for råstoff i 2019 er ikkje endeleg avklart. På grunn av dette og ein usikker fôrtilgang i 1. halvår



er det for 2019 på noverande tidspunkt lagt til grunn eit forholdstal for disponibel kvote på 1,00. Det gjer at disponibel kvote for 2019 er lik grunnkvota.

I 2017 var det 250 produsentar som selde totalt 21,0 mill. liter. Dette er 48 produsentar færre enn i 2016, og det er omsett 4,7 mill. liter mindre enn året før. Årets salsrunde er ikkje avslutta, men foreløpig oversikt viser at det er i overkant av 320 produsentar som sel ca. 30 mill. liter.



Prognose for leveranse av kumjølkk

	Mill. liter						Endring frå forrige år				
	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2015	2016	2017	2018	2019
Jan	135.5	140.3	138.8	136.9	135.3	140	3.5 %	-1.1 %	-1.3 %	-1.2 %	3.5 %
Febr	121.7	127.4	132.3	125.4	123.9	127	4.7 %	3.8 %	-5.2 %	-1.2 %	2.5 %
Mars	135.2	141.8	142.4	139.3	137.1	139	4.9 %	0.4 %	-2.1 %	-1.6 %	1.4 %
Apr	133.4	136.9	137.2	134.4	133.3	134	2.6 %	0.2 %	-2.0 %	-0.8 %	0.5 %
Mai	135.9	136.5	138.5	137.8	136.2	136	0.4 %	1.4 %	-0.5 %	-1.2 %	-0.1 %
Jun	122.8	126.0	124.4	122.9	122.3	122	2.6 %	-1.3 %	-1.2 %	-0.5 %	-0.2 %
Jul	116.8	118.0	115.4	114.2	115.5	114	1.0 %	-2.2 %	-1.0 %	1.1 %	-1.3 %
Aug	111.5	113.4	112.3	110.7	112.8	111	1.7 %	-1.0 %	-1.4 %	1.9 %	-1.6 %
Sept	112.8	113.2	110.5	108.2	112.6	110	0.3 %	-2.4 %	-2.1 %	4.1 %	-2.3 %
Okt	121.6	122.2	118.8	117.6	125.2	120	0.4 %	-2.7 %	-1.0 %	6.5 %	-4.2 %
Nov	124.3	125.1	121.5	119.8	129	123	0.6 %	-2.9 %	-1.4 %	7.7 %	-4.7 %
Des	137.7	135.5	130.8	127.6	138	132	-1.6 %	-3.5 %	-2.4 %	8.1 %	-4.3 %
Sum	1509	1536	1523	1495	1521	1508	1.8 %	-0.9 %	-1.8 %	1.8 %	-0.9 %

Prognosa for 2018 er på 1 521 mill. liter. Med eit avvik på +/- 1 % vil prognosa ligge mellom 1 518 og 1 523 mill. liter.

Forholdstalet for kvoter vart auka med 1 %-poeng i juni og vidare med 5 %-poeng i august, og er no på til 1,04. I september var prognosa på 1 504 mill. liter. Den kraftige auken kjem av sterk auke i kraftfôrforbruket og at førsituasjonen har betra seg sidan førre prognose-møte, med gode avlingar på 3. slåttan. Under tørkekatastrofen i sommar var det sterkt fokus frå alle landbruksorganisasjonane om å spare på grovfôret og auke kraftfôrmengdene. Bodskapen gav god respons.

Spørjeundersøking til mjølkeprodusentane i TINE, sendt 30. oktober, viste at totalavlingane framleis er redusert. På landsbasis melder 54 % av produsentane at avlingane er mellom 70 og 100 % av normalt. Nær 40 % har lågare avlingar enn 70 % av normalt medan 6 % melder høgare avlingar enn normalt.

Ved å auke bruken av kraftfôr kan dei spare på grovfôret, og det ser vi igjen på kraftfôrmengdene rapportert i kukontrollen. I forhold til på same tid i fjor så er det 0,5 kg høgare kraftfôrmengder per dyr per dag. For dei som må kjøpe ekstra fôr er det først og fremst halm som har vore aktuelt. Omsetninga av halm har vore stor spesielt på Austlandet og Sørvestlandet, men også elles i Sør-Noreg er det skaffa halm. I tillegg er det mogeleg å få tak i rundballar frå Island. Optimismen for å kunne halde på besetningane og produsere bra er dermed god. Sjå meir om førsituasjonen under.

Det er lagt til grunn ein stor avdråttsauke som basisforutsetning i prognosa for 2018. Det er lågare slakting i haust, og dyr som var planlagt slakta i oktober vert utsett til etter årsskiftet. Med ein så høg produksjon inn mot årsskiftet er det lagt til grunn høg produksjon også i starten på 2019. Det er vidare lagt opp til auka slakting i januar og etter telledatoen 1. mars. Omfanget av slakting på grunn av fôrmangel er vanskeleg å vite, men det er forutsett at det først og fremst er på vårparten når fôrlageret minkar at dette vil vise igjen.

I prognosa er det lagt til grunn ein avdråttsauke på rundt 3,8 % ut 2018. I 2019 er avdråttsauken redusert til 2,0 % i starten på året, og ein reduksjon utover våren som følgje av forventa nedgang i



leveranse på grunn av førsituasjonen og for å tilpasse seg til kvote. Hausten 2019 er det forutsett eit normalår når det gjeld avlingar, med høgare grovfôropptak og lågare kraftfôrforbruk. På grunn av forventta stor auke i avdrått hausten 2018, så er det lagt til grunn ein reduksjon i avdrått siste halvår 2019. Årets fôring med mykje kraftfôr og innkjøpt grovfôr blir ei dyrare fôring enn basert på egne grovfôrressursar, og det er difor forutsett lågare forbruk av kraftfôr hausten 2019.

Prognoseendringar 2018, mill. liter


	Prognosetidspunkt							Leveranse	Avvik *)	
	des.17	feb.18	mai.18	jul.18	aug.18	sep.18	nov.18		ltr	%
jan.18	136							135.3	-0.7	-0.5 %
feb.18	124	124						123.9	-0.1	-0.1 %
mar.18	138	138						137.1	-0.9	-0.7 %
apr.18	133	133						133.3	0.3	0.2 %
mai.18	137	136	136					136.2	-0.8	-0.6 %
jun.18	123	122	122					122.3	-0.7	-0.6 %
jul.18	114	114	114	114				115.5	1.5	1.3 %
aug.18	111	111	111	111	111			112.8	1.8	1.6 %
sep.18	109	109	109	110	108	111		112.6	3.6	3.3 %
okt.18	118	118	118	119	117	120		125.2	7.2	6.1 %
nov.18	120	120	121	122	120	122	129			
des.18	130	129	129	130	128	131	138			
Akk.okt	1 243							1 254.2	11.2	0.9 %
Året 2018	1 493	1 489	1 490	1 494	1 488	1 504	1 521	*) Avvik er diff. mellom levert og prognose per des. 2017		

Hittil i år er det levert 11,2 mill. liter over prognosa før starten av året, ein auke på 0,9 %.

Prognose-tidspunkt	Mill. ltr	Endringar	Årsak til endring	Kommentar
des.17	1 493			Masterprognose 2018
jul.18	1 494	1		Endra forholdstal frå 0.98 til 0.99
aug.18	1 488	-6	Forventta reduksjon i dyretal	Reduserte avlingar på grunn av tørke
sep.18	1 504	16	Auka avdrått og redusert slakting	Endra forholdstal frå 0.99 til 1,04
nov.18	1 521	17	Auka avdrått og redusert slakting	Større respons enn forventta på auka forholdstal



Prognose for leveranse av økologisk mjølk



	Mill. liter					Endring frå forrige år			
	2015	2016	2017	2018	2019	2016	2017	2018	2019
Jan	4.42	4.49	4.53	4.38	4.5	1.6 %	0.8 %	-3.2 %	2.7 %
Febr	4.04	4.26	4.11	3.98	4.1	5.4 %	-3.7 %	-3.1 %	3.0 %
Mars	4.37	4.68	4.50	4.38	4.4	6.9 %	-3.7 %	-2.8 %	0.5 %
Apr	4.23	4.39	4.41	4.30	4.2	3.6 %	0.6 %	-2.5 %	-2.3 %
Mai	4.40	4.59	4.60	4.53	4.4	4.3 %	0.2 %	-1.5 %	-2.9 %
Jun	4.21	4.10	4.27	4.19	4.1	-2.6 %	4.2 %	-1.9 %	-2.1 %
Jul	4.04	3.91	4.10	4.18	4.1	-3.2 %	4.9 %	2.0 %	-1.9 %
Aug	3.94	3.92	4.08	3.92	4.1	-0.3 %	4.0 %	-3.9 %	4.6 %
Sept	3.87	3.81	3.76	3.80	3.9	-1.6 %	-1.4 %	1.1 %	2.6 %
Okt	3.93	3.94	3.91	4.02	4.0	0.3 %	-0.8 %	2.8 %	-0.5 %
Nov	3.98	3.97	3.86	3.9	4.0	-0.2 %	-2.9 %	1.1 %	2.6 %
Des	4.30	4.30	4.09	4.2	4.2	0.0 %	-4.8 %	2.7 %	0.0 %
Sum	49.7	50.4	50.2	49.8	50.0	1.3 %	-0.3 %	-0.9 %	0.4 %
Akk.okt	41.45	42.09	42.26	41.68		1.5 %	0.4 %	-1.4 %	

Leveransen for økologisk mjølk har vore lågare i vinter og i vår enn førre år. I september og oktober har leveransen også for økologisk mjølk auka med respektive 1,1- og 2,8 %. Hittil i år er nedgangen på 0,58 mill. liter (- 1,4 %) i forhold til året før. Prognosa for økologisk mjølk er basert på fjorårstal. I prognosa for resten av 2018 det forutsett ein auke i leveransen som følgje av auka kvoter. Prognosa for økologisk mjølk er på 49,8 mill. liter for 2018 og 50.0 mill. liter i 2019.




Prognose feittprosent

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	Endringar frå forrige år				
							2015	2016	2017	2018	2019
Jan	4.16	4.22	4.28	4.24	4.24	4.28	1.6 %	1.5 %	-1.0 %	0.0 %	1.0 %
Febr	4.15	4.24	4.27	4.26	4.27	4.30	2.0 %	0.9 %	-0.3 %	0.2 %	0.7 %
Mars	4.16	4.22	4.30	4.29	4.34	4.33	1.3 %	2.0 %	-0.3 %	1.2 %	-0.2 %
Apr	4.19	4.27	4.29	4.29	4.30	4.32	2.0 %	0.5 %	0.0 %	0.2 %	0.5 %
Mai	4.17	4.26	4.28	4.27	4.23	4.30	2.1 %	0.5 %	-0.2 %	-0.9 %	1.7 %
Jun	4.14	4.26	4.24	4.22	4.20	4.26	2.7 %	-0.4 %	-0.5 %	-0.5 %	1.5 %
Jul	4.10	4.21	4.20	4.22	4.18	4.22	2.9 %	-0.3 %	0.5 %	-0.9 %	1.0 %
Aug	4.07	4.18	4.18	4.19	4.24	4.21	2.5 %	0.1 %	0.2 %	1.2 %	-0.7 %
Sept	4.18	4.21	4.23	4.24	4.33	4.26	0.9 %	0.4 %	0.2 %	2.1 %	-1.6 %
Okt	4.23	4.28	4.32	4.27	4.40	4.29	1.2 %	0.8 %	-1.2 %	3.1 %	-2.5 %
Nov	4.23	4.27	4.33	4.28	4.39	4.30	0.9 %	1.4 %	-1.2 %	2.6 %	-2.0 %
Des	4.23	4.26	4.26	4.26	4.33	4.28	0.9 %	-0.1 %	0.0 %	1.6 %	-1.1 %
Gj.snitt	4.17	4.24	4.27	4.25	4.29	4.28	1.7 %	0.6 %	-0.3 %	0.8 %	-0.1 %
1. kv	4.16	4.22	4.29	4.26	4.28	4.30	1.6 %	1.5 %	-0.5 %	0.5 %	0.5 %
2. kv	4.17	4.26	4.27	4.26	4.24	4.30	2.3 %	0.2 %	-0.2 %	-0.4 %	1.2 %
3. kv	4.12	4.20	4.20	4.22	4.25	4.23	2.1 %	0.0 %	0.3 %	0.8 %	-0.4 %
4. kv	4.23	4.27	4.30	4.27	4.37	4.29	1.0 %	0.7 %	-0.8 %	2.4 %	-1.9 %

2014

2014 – 2015 omfattar data frå TINE SA. Frå og med 2016 inngår veid snitt for TINE SA og Q-meieria.




Feittprosenten for september og oktober vart 4,33- og 4,40 %. Dette er ein kraftig auke i forhold til i fjor, og er 0,07- og 0,13 %-einingar opp i forhold til prognosa. Feittprosenten resten av 2018 er heva som følgje av sterk auke i august til oktober og forventa stabil føring framover. Det var tidleg beiteslepp i vår og vi fekk då ein tidlegare nedgang i feittprosenten enn normalt. Inneføring og gode råvarer i kraftfôret har auka feittprosenten i haust. Høgare kraftfôrmengder og auka avdrått med har ikkje ført til redusert feittprosent slik som venta. Det skuldast først og fremst gode råvarer i kraftfôret. Dette saman med god kvalitet på grovfôret, med høgare innhald av sukker enn normalt, har gitt ein sterkare auke av feitt enn normalt for årstida. Veid gjennomsnitt for 2018 er etter dette på 4,29 %, med ein sannsynleg variasjon mellom 4,27 og 4,31 %. For 2019 er prognosert veid snitt på 4,28 %. Med eit avvik på +/- 1 % vil feittprosenten ha eit sannsynleg intervall på 4,24 - 4,33 %.



Prognose proteinprosent

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2015	2016	2017	2018	2019
Jan	3.37	3.42	3.41	3.38	3.37	3.39	1.4 %	-0.3 %	-0.9 %	-0.3 %	0.5 %
Febr	3.36	3.41	3.41	3.39	3.39	3.40	1.5 %	-0.1 %	-0.6 %	0.0 %	0.2 %
Mars	3.38	3.42	3.43	3.40	3.42	3.42	1.0 %	0.3 %	-0.9 %	0.6 %	-0.1 %
Apr	3.42	3.42	3.43	3.42	3.35	3.40	0.0 %	0.3 %	-0.3 %	-2.0 %	1.5 %
Mai	3.40	3.43	3.42	3.40	3.34	3.39	1.0 %	-0.4 %	-0.6 %	-1.8 %	1.4 %
Jun	3.38	3.44	3.40	3.40	3.33	3.38	1.8 %	-1.2 %	0.0 %	-2.1 %	1.4 %
Jul	3.37	3.42	3.37	3.37	3.35	3.36	1.6 %	-1.6 %	0.0 %	-0.6 %	0.4 %
Aug	3.36	3.44	3.41	3.39	3.40	3.40	2.2 %	-0.7 %	-0.6 %	0.3 %	0.0 %
Sept	3.48	3.47	3.44	3.43	3.48	3.42	-0.3 %	-0.7 %	-0.3 %	1.3 %	-1.6 %
Okt	3.46	3.46	3.47	3.42	3.50	3.43	0.2 %	0.2 %	-1.4 %	2.3 %	-1.8 %
Nov	3.44	3.43	3.45	3.41	3.45	3.42	-0.2 %	0.5 %	-1.2 %	1.2 %	-0.9 %
Des	3.42	3.41	3.41	3.39	3.41	3.39	-0.3 %	0.0 %	-0.6 %	0.6 %	-0.5 %
Gj.snitt	3.40	3.43	3.42	3.40	3.40	3.40	0.8 %	-0.3 %	-0.6 %	-0.1 %	0.0 %
1. kv	3.37	3.42	3.42	3.39	3.39	3.40	1.3 %	0.0 %	-0.8 %	0.1 %	0.2 %
2. kv	3.40	3.43	3.42	3.41	3.34	3.39	0.9 %	-0.4 %	-0.3 %	-2.0 %	1.4 %
3. kv	3.40	3.44	3.41	3.40	3.41	3.39	1.2 %	-1.0 %	-0.3 %	0.3 %	-0.4 %
4. kv	3.44	3.43	3.44	3.41	3.45	3.41	-0.1 %	0.2 %	-1.0 %	1.3 %	-1.0 %

Tal frå Q-meieria er med frå og med januar 2016. Manglar data frå Q-meieria for mai 2017.



Proteinprosenten for september og oktober vart 3,48 og 3,50. Dette er 0,05- og 0,08 %-einingar høgare enn på same tid i fjor. Det er også 0,06- og 0,09 %-einingar høgare enn forige prognose.

Proteinprosenten fall kraftig i april og har vore låg også i mai, juni og juli. Årsaka til nedgangen er ikkje kjent, men noko kan skuldast ein uttynningseffekt på grunn av høgare avdrått. Auken i haust skjedde på tross av auka avdrått og er truleg relatert til auka kraftfôrmengder og dermed betre kontroll på energiforsyninga. Prognosa for november og desember er heva noko på grunn av den auken som har vore og det er venta stabil fôring framover. For 2019 er prognosa ikkje endra i denne omgang. Med auka forventeta bruk av fiberrike kraftfôrslag og vomstimulerande råvarer kan det føre til at proteinprosenten går ned. Gjennomsnittet for 2018 og 2019 er utrekna til 3,40 %, med ein sannsynleg variasjon for 2018 mellom 3,38- og 3,42 % og for 2019 mellom 3,37- og 3,43 %. Talet for gjennomsnittleg proteinprosent for året er vekta mot månadsleveransen i tabellen.



Fôrstatus

Fôringsstrategien etter tørken i sommaren med reduserte grovfôravlingar har vore å auke kraftfôrmengdene og spare på grovfôret. Det er gode erfaringar med høge kraftfôrmengder dersom ein brukar fiberrikt kraftfôr tilpassa lite grovfôr. I år er det ikkje same restriksjonane på import-kvoter på karbohydrat-råvarer for å nytte norske fôrressursar slik det var i fjor. Det inneber god tilgang på fiberrike kraftfôr og kraftfôr som verkar vomstimulerande. Døme her er betefiber, kornslag med lågare nedbrytingsgrad i vom, bikarbonat og levande gjær. Disse vil verke positivt for fiberfordøyinga og dermed på feittprosenten. Det er også god kvalitet på fôrprøvene som er analysert hittil i år. Karakteristisk for 1. slått er høgt tørrstoff med lite gjæringsprodukt og bra med sukker. Energiverdien er god, og proteinverdien er litt høgare enn normalt.

Østlandet og Agder

Områda rundt Oslofjorden og Agder er hardast ramma av tørke. Bortimot 90 % av produsentane her rapporterer om avlingar under 60 % av normalt. I Gudbrandsdalen og Hedmark er det kome noko meir nedbør og 3. slått vart bra. Her melder 75 % av produsentane om avlingar under 70 %. Det er mykje omsetning av halm for å få nok grovfôr. Ein del i området lengst nord får leveranse av halm frå Trøndelag.

Rogaland og Ryfylke

Det er store variasjonar i avlingsmengda, og 70 % melder om avlingar mellom 60-90 % av normalt medan bortimot 20 % har lågare avlingar. Det var bra 3. slått, og mange har såpass med grovfôr at dei greier seg med ekstra kraftfôr/grovfôrerstattar. Det er mykje innkjøpt halm, og det er også større utsikter for omsetning av dyr i området enn tidlegare.

Vestlandet og Nord-Vestlandet

Det er store variasjonar i avlingsmengder også her, men 3. slått vart svært god. Anslått avlingsmengder er 70- 90 % av normalt, men også 25 % har lågare avlingar. I Indre strøk er avlingane noko dårlegare enn i ytre strøk.

Trøndelag

Også her er det store variasjonar i avlingsmengder og mykje lokal omsetning av halm. Sør for Trondheim er det rekna med avlingsmengder på rundt 80 % av normalt, medan lenger nord er det normalt med avling. Fleire enn normalt har tatt 3. slått. Totalt sett 70-100 % avling.

Nordland, Troms og Finnmark

Det er høge avlingar i Sør-Helgeland , og også bra mengder elles både i Nordland, Troms og Finnmark. I Nordland er det hos nokre tatt ein 3. slått i september. I ytre strøk er det behov for kjøp av fôr. Ein del av dei som bereknar å ha vesentleg grovfôrmangel har bestilt halm og starta med fiberkraftfôr. Det har vore mykje regn, og fôr kvaliteten er forventa kan vere relativt dårleg. Analyserte fôrprøver hittil i år viser låg energiverdi.



Økologiske produsentar

Dei økologiske produsentane er i same fôrsituasjon som konvensjonelle produsentar, men det er stor variasjon i avlingsmengde både på Austlandet og i Trøndelag. Dei fleste har fått dispensasjon til å bruke ikkje-konvensjonelt fôr for å få tak i ekstra grovfôr. Ei utfordring er at det ikkje er mogeleg å bruke meir enn 50 % av tørrstoffet som kraftfôr og då kan avdråtten gå ned. I tillegg har ikkje Natura Drøv Fiber dei same eigenskapane, der det er mykje stivelse.



Utvikling i kotal (mjølkekyr og ammekyr)

	1 000 stk per 1. januar, per 1.mars frå 2018							Endring frå foregåande år			
	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018*	2015	2016	2017	2018
Mjølkekyr	237.6	238.8	229.6	228.3	227.2	221.2	218.5	-0.6 %	-0.5 %	-2.6 %	-1.2 %
Ammekyr	65.6	67.5	68.8	71.9	75.5	83.0	90.9	4.5 %	5.0 %	9.9 %	9.5 %
Kyr totalt	303.2	306.3	298.4	300.2	302.7	304.2	309.4	0.6 %	0.8 %	0.5 %	1.7 %

Kilde Landbruksdirektoratet, Statistikk frå søknad om produksjonstillegg

Foreløpige tal per 1.mars

Tal frå Landbruksdirektoratet viser ein nedgang i tal mjølkekyr per 1. januar 2017 på omlag 6 000 dyr frå året før, ein nedgang på 2,6 %. Tal per 1. mars 2018 viser ein mindre nedgang i tal mjølkekyr frå året før, 1,2 %. Tal ammekyr har auka dei siste åra; 9,9 % i 2017 og 9,5 % i 2018.

Kalvinger (mjølkekyr), faktisk og prognose

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	Endring frå forrige år				
							2015	2016	2017	2018	2019
Jan	17 850	17 495	17 941	18 226	17 706	18 015	-2.0 %	2.5 %	1.6 %	-2.9 %	1.7 %
Febr	15 195	15 379	15 527	15 676	15 520	15 333	1.2 %	1.0 %	1.0 %	-1.0 %	-1.2 %
Mars	15 090	14 903	15 208	15 078	15 035	14 621	-1.2 %	2.0 %	-0.9 %	-0.3 %	-2.8 %
Apr	13 699	13 081	13 420	13 271	13 051	12 584	-4.5 %	2.6 %	-1.1 %	-1.7 %	-3.6 %
Mai	13 437	13 226	12 986	12 942	12 808	12 491	-1.6 %	-1.8 %	-0.3 %	-1.0 %	-2.5 %
Jun	13 162	13 539	13 263	13 041	12 898	12 594	2.9 %	-2.0 %	-1.7 %	-1.1 %	-2.4 %
Jul	17 213	17 965	17 738	17 396	16 932	16 781	4.4 %	-1.3 %	-1.9 %	-2.7 %	-0.9 %
Aug	21 945	22 360	22 295	22 115	21 597	21 648	1.9 %	-0.3 %	-0.8 %	-2.3 %	0.2 %
Sept	29 512	29 680	29 495	29 104	28 542	28 754	0.6 %	-0.6 %	-1.3 %	-1.9 %	0.7 %
Okt	26 614	26 690	26 286	26 261	25 842	26 081	0.3 %	-1.5 %	-0.1 %	-1.6 %	0.9 %
Nov	20 596	20 709	20 911	20 545	20 016	20 150	0.5 %	1.0 %	-1.7 %	-2.6 %	0.7 %
Des	20 036	20 110	19 795	20 110	19 229	19 313	0.4 %	-1.6 %	1.6 %	-4.4 %	0.4 %
Sum	224 349	225 137	224 865	223 765	219 177	218 365	0.4 %	-0.1 %	-0.5 %	-2.1 %	-0.4 %
1. kv	48 135	47 777	48 676	48 980	48 261	47 969	-0.7 %	1.9 %	0.6 %	-1.5 %	-0.6 %
2. kv	40 298	39 846	39 669	39 255	38 756	37 670	-1.1 %	-0.4 %	-1.0 %	-1.3 %	-2.8 %
3. kv	68 670	70 005	69 528	68 615	67 071	67 182	1.9 %	-0.7 %	-1.3 %	-2.2 %	0.2 %
4. kv	67 246	67 509	66 992	66 916	65 088	65 544	0.4 %	-0.8 %	-0.1 %	-2.7 %	0.7 %

Prognosa for delar av 2018 byggjer på opplysningar om insemineringsdata for 2017 og 2018. På grunn av redusert dyretal per 1. januar 2017 forventar vi ein nedgangen i kalvingar i 2018. Det er berre ein liten nedgang i tal kalvingar i 2019 (-0,4 %).



Kuslaktning, faktisk og prognose

							Endring frå forrige år				
	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2015	2016	2017	2018	2019
Jan	10 554	10 545	9 497	9 718	7 729	9 275	-0.1 %	-9.9 %	2.3 %	-20.5 %	20.0 %
Febr	7 736	6 696	7 356	6 451	5 528	5 804	-13.4 %	9.9 %	-12.3 %	-14.3 %	5.0 %
Mars	7 153	6 810	6 151	6 800	6 069	7 586	-4.8 %	-9.7 %	10.6 %	-10.8 %	25.0 %
Apr	4 947	5 969	6 572	4 567	6 621	6 290	20.7 %	10.1 %	-30.5 %	45.0 %	-5.0 %
Mai	5 440	5 849	6 449	7 128	6 634	6 767	7.5 %	10.3 %	10.5 %	-6.9 %	2.0 %
Jun	6 007	6 567	6 598	7 585	6 671	6 604	9.3 %	0.5 %	15.0 %	-12.1 %	-1.0 %
Jul	4 144	4 236	4 344	5 374	6 023	5 601	2.2 %	2.5 %	23.7 %	12.1 %	-7.0 %
Aug	9 635	10 080	10 474	7 583	6 641	6 774	4.6 %	3.9 %	-27.6 %	-12.4 %	2.0 %
Sept	9 792	10 066	9 583	7 572	6 025	6 146	2.8 %	-4.8 %	-21.0 %	-20.4 %	2.0 %
Okt	9 632	9 851	10 305	11 554	9 500	10 925	2.3 %	4.6 %	12.1 %	-17.8 %	15.0 %
Nov	6 868	7 817	8 047	8 467	7 800	8 190	13.8 %	2.9 %	5.2 %	-7.9 %	5.0 %
Des	4 640	4 912	4 779	6 350	5 800	6 090	5.9 %	-2.7 %	32.9 %	-8.7 %	5.0 %
Sum	86 548	89 398	90 155	89 149	81 041	86 052	3.3 %	0.8 %	-1.1 %	-9.1 %	6.2 %
1. kv	25 443	24 051	23 004	22 969	19 326	22 665	-5.5 %	-4.4 %	-0.2 %	-15.9 %	17.3 %
2. kv	16 394	18 385	19 619	19 280	19 926	19 661	12.1 %	6.7 %	-1.7 %	3.4 %	-1.3 %
3. kv	23 571	24 382	24 401	20 529	18 689	18 521	3.4 %	0.1 %	-15.9 %	-9.0 %	-0.9 %
4. kv	21 140	22 580	23 131	26 371	23 100	25 205	6.8 %	2.4 %	14.0 %	-12.4 %	9.1 %

Slaktedata for mjølkekyr er frå kukontrollen og statistikkar som blir lagt fram månadsvis. Prognosa er basert på slakta kyr førre år og endring i telledatoar. På grunn av omlegging av søknadsfristar for produksjonstillegg til 1. mars (og 1. oktober) er fordelinga av slakt endra. På grunn av auka kvoter er det mindre slakting i oktober og meir i januar 2019. Ei tilpassing til dårleg fôrår er venta vil skje gjennom reduksjon i dyretal ved auka slakting ved ny telledato i mars 2019.



Mjølkekyr, faktisk og prognose

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2015	2016	2017	2018	2019
Jan	229 650	228 300	227 200	221 182	218 114	220 585	-0.6 %	-0.5 %	-2.6 %	-1.4 %	1.1 %
Febr	226 522	225 216	225 196	219 398	217 375	218 424	-0.6 %	0.0 %	-2.6 %	-0.9 %	0.5 %
Mars	225 442	225 651	224 937	220 094	218 519	219 209	0.1 %	-0.3 %	-2.2 %	-0.7 %	0.3 %
Apr	224 781	225 311	225 322	219 875	219 120	218 127	0.2 %	0.0 %	-2.4 %	-0.3 %	-0.5 %
Mai	224 286	224 345	223 517	220 141	217 340	216 527	0.0 %	-0.4 %	-1.5 %	-1.3 %	-0.4 %
Jun	222 898	223 044	221 205	216 670	214 453	213 440	0.1 %	-0.8 %	-2.1 %	-1.0 %	-0.5 %
Jul	221 132	220 927	218 967	212 965	211 619	210 457	-0.1 %	-0.9 %	-2.7 %	-0.6 %	-0.5 %
Aug	223 750	224 100	221 540	213 821	211 661	210 866	0.2 %	-1.1 %	-3.5 %	-1.0 %	-0.4 %
Sept	222 410	222 678	219 310	215 081	213 657	212 750	0.1 %	-1.5 %	-1.9 %	-0.7 %	-0.4 %
Okt	223 849	224 028	220 904	219 258	219 154	218 212	0.1 %	-1.4 %	-0.7 %	0.0 %	-0.4 %
Nov	224 484	224 368	220 230	217 599	219 390	217 113	-0.1 %	-1.8 %	-1.2 %	0.8 %	-1.0 %
Des	225 285	224 367	219 852	216 993	219 246	216 631	-0.4 %	-2.0 %	-1.3 %	1.0 %	-1.2 %
Gj.snitt	224 541	224 361	222 348	217 756	216 637	216 029		-0.9 %	-2.1 %	-0.5 %	-0.3 %
1. kv	227 205	226 389	225 778	220 225	218 003	219 406		-0.3 %	-2.5 %	-1.0 %	0.6 %
2. kv	223 988	224 233	223 348	218 895	216 971	216 031	0.1 %	-0.4 %	-2.0 %	-0.9 %	-0.4 %
3. kv	222 430	222 568	219 939	213 956	212 312	211 358	0.1 %	-1.2 %	-2.7 %	-0.8 %	-0.4 %
4. kv	224 540	224 254	220 329	217 950	219 263	217 319	-0.1 %	-1.8 %	-1.1 %	0.6 %	-0.9 %

Siste endelege tal er på basis av telledato per 1. oktober 2017. Tabellen viser forventa tal på mjølkekyr ved inngangen til kvar måned. Det er forventa ein reduksjon i 2018 på 0,5 % i forhold til i 2017, og ein tilsvarende reduksjon er venta i tal mjølkande kyr på 0,3 %. I 2019 er talet mjølkekyr venta å gå ned med 0,3 % for både mjølkekyr og mjølkande kyr.

Mjølkande kyr

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	Endring frå forrige år				
	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2015	2016	2017	2018	2019
Jan	185 668	184 678	183 770	177 755	175 706	178 332	-0.5 %	-0.5 %	-3.3 %	-1.2 %	1.5 %
Febr	184 447	184 597	184 363	179 511	178 041	179 245	0.1 %	-0.1 %	-2.6 %	-0.8 %	0.7 %
Mars	184 275	185 976	186 070	181 399	180 440	180 726	0.9 %	0.1 %	-2.5 %	-0.5 %	0.2 %
Apr	185 665	186 596	187 141	183 465	181 980	181 227	0.5 %	0.3 %	-2.0 %	-0.8 %	-0.4 %
Mai	185 638	185 287	185 264	181 970	179 879	179 119	-0.2 %	0.0 %	-1.8 %	-1.1 %	-0.4 %
Jun	180 213	179 847	178 161	173 911	172 460	171 582	-0.2 %	-0.9 %	-2.4 %	-0.8 %	-0.5 %
Jul	171 851	171 756	168 740	163 502	162 169	161 415	-0.1 %	-1.8 %	-3.1 %	-0.8 %	-0.5 %
Aug	166 877	166 607	163 195	158 767	157 439	156 809	-0.2 %	-2.0 %	-2.7 %	-0.8 %	-0.4 %
Sept	169 220	168 674	165 312	163 123	162 559	161 864	-0.3 %	-2.0 %	-1.3 %	-0.3 %	-0.4 %
Okt	175 538	174 832	171 212	169 546	170 573	169 313	-0.4 %	-2.1 %	-1.0 %	0.6 %	-0.7 %
Nov	179 955	178 496	174 437	172 260	174 478	172 532	-0.8 %	-2.3 %	-1.2 %	1.3 %	-1.1 %
Des	183 389	181 581	176 453	173 586	176 859	174 361	-1.0 %	-2.8 %	-1.6 %	1.9 %	-1.4 %
Gj.snitt	179 395	179 077	177 010	173 233	172 715	172 210	-0.2 %	-1.2 %	-2.1 %	-0.3 %	-0.3 %
1. kv	184 797	185 084	184 734	179 555	178 063	179 434	0.2 %	-0.2 %	-2.8 %	-0.8 %	0.8 %
2. kv	183 839	183 910	183 522	179 782	178 106	177 309	0.0 %	-0.2 %	-2.0 %	-0.9 %	-0.4 %
3. kv	169 316	169 013	165 749	161 798	160 722	160 029	-0.2 %	-1.9 %	-2.4 %	-0.7 %	-0.4 %
4. kv	179 627	178 303	174 034	171 797	173 970	172 069	-0.7 %	-2.4 %	-1.3 %	1.3 %	-1.1 %






Avdråttutvikling

Gjennomsnittleg dagsavdrått i kukontrollen (kg mjølk per ku og dag)

								Endring frå forrige år			
	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2015	2016	2017	2018	2019
Jan	25.68	26.07	26.26	26.53	26.53	27.06	1.5 %	0.7 %	1.0 %	0.0 %	2.0 %
Febr	25.60	26.25	26.38	26.67	26.50	27.03	2.5 %	0.5 %	1.1 %	-0.6 %	2.0 %
Mars	25.50	26.03	26.16	26.42	26.14	26.53	2.1 %	0.5 %	1.0 %	-1.1 %	1.5 %
Apr	25.30	25.76	25.95	26.09	26.02	26.28	1.8 %	0.7 %	0.5 %	-0.3 %	1.0 %
Mai	25.14	25.44	25.72	25.90	25.95	26.08	1.2 %	1.1 %	0.7 %	0.2 %	0.5 %
Jun	24.87	25.24	25.48	25.63	25.65	25.78	1.5 %	1.0 %	0.6 %	0.1 %	0.5 %
Jul	24.54	24.95	25.10	25.22	25.42	25.29	1.7 %	0.6 %	0.5 %	0.8 %	-0.5 %
Aug	24.22	24.55	24.75	24.76	25.17	24.92	1.4 %	0.8 %	0.0 %	1.7 %	-1.0 %
Sept	24.12	24.60	24.75	24.57	25.14	24.89	2.0 %	0.6 %	-0.7 %	2.3 %	-1.0 %
Okt	24.46	24.90	25.00	24.84	25.71	25.27	1.8 %	0.4 %	-0.6 %	3.5 %	-1.7 %
Nov	25.22	25.57	25.61	25.52	26.41	25.96	1.4 %	0.2 %	-0.4 %	3.5 %	-1.7 %
Des	25.76	26.12	26.21	26.07	26.98	26.52	1.4 %	0.3 %	-0.5 %	3.5 %	-1.7 %
Gj.snitt	25.03	25.46	25.61	25.69	25.97	25.97	1.7 %	0.6 %	0.3 %	1.1 %	0.0 %
1. kv	25.59	26.12	26.27	26.54	26.39	26.87	2.0 %	0.6 %	1.0 %	-0.6 %	1.8 %
2. kv	25.10	25.48	25.72	25.87	25.87	26.05	1.5 %	0.9 %	0.6 %	0.0 %	0.7 %
3. kv	24.29	24.70	24.87	24.85	25.24	25.03	1.7 %	0.7 %	-0.1 %	1.6 %	-0.8 %
4. kv	25.15	25.53	25.61	25.48	26.37	25.92	1.5 %	0.3 %	-0.5 %	3.5 %	-1.7 %

Siste tal frå kukontrollen viser at avdråttutviklinga har gått opp i haust som følge av auka kraftfôrmengder. Grovfôret har bra kvalitet. Det er forutsett ein avdråttsauke for resten av året på 3,5 %. I 2019 er det forutsett ein avdråttsauke på 2,0 % i starten på året og reduksjon utover våren. Siste halvår er det venta nedgang i avdråttens dersom det blir eit normalt avlingsår og reduserte kraftfôrmengder.



TINE Råvare
19.11.2018